# VEDTEKTER

**FOR**

Luster Sparebank

## Kap. 1. Føretaksnamn. Forretningskontor. Formål.

### § 1 - 1 Namn. Kontorkommune.

Luster Sparebank, er skipa ved samanslåing av desse sparebankane:
Hafslo Sparebank skipa 4. mai 1848, Jostedal Sparebank skipa 9. oktober 1937 og Luster Sparebank skipa 5. august 1865.
Samanslåinga vart godkjent av Bankinspeksjonen den 20. juni 1974.
Luster Sparebank har sitt forretningskontor i Luster kommune.

### § 1-2. Formål

Luster Sparebank sitt formål er å utføre forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføre i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til ei kvar tid gjevne konsesjonar.

## Kap. 2 Sparebanken sin eigenkapital.

### § 2 - 1 Grunnfondet

Dei opphavelege grunnfonda i dei bankane som er gått saman var:
Hafslo Sparebank, 124 spd. og 32 skilling ytt av bygdefolket. Det er tilbakebetalt.
Jostedal Sparebank, kr 22.500,- ytt av Noregs Bank, Finansdepartementet og innskytarane, kvar kr 7.500,-. Innskytarane sin del er tilbakebetalt. Noregs Bank og Finansdepartementet sine innskot er ikkje tilbakebetalte.
Luster Sparebank, 286 spd. 4 ort og 12 skilling ytt av private innskytarar. Det er tilbakebetalt.
Stiftarane eller andre har ikkje rett til utbytte av verksemda.

## Kap. 3. Generalforsamling

### § 3 - 1 Generalforsamling

Generalforsamlinga er Luster Sparebank si øvste avgjerdsmakt.
Generalforsamlinga skal ha 12 medlemmer med 7 varamedlemmer.

Generalforsamlinga sine medlemmer og varamedlemmer møter personleg.
Det er ikkje høve til å møte ved fullmektig eller med rådgjevar.

## § 3 - 2 Generalforsamlinga si samansetjing

6 medlemmer og 3 varamedlemmer skal veljast av og blant innskytarane/ kundane.
3 medlemmer og 2 varamedlemmer skal veljast av Luster kommune.
3 medlemmer og 2 varamedlemmer skal veljast av og blant dei tilsette.

## § 3 - 3 Val til generalforsamlinga

Myndige personar kan veljast som medlemmer av generalforsamlinga.

Medlemmer og varamedlemmer til generalforsamlinga vert valde for 4 år.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks om vala.

## § 3 - 4 Kundane sitt val av medlemmer til generalforsamlinga

Luster Sparebank sine myndige kundar har stemmerett ved val av kundane sine medlemmer til sparebanken si generalforsamling. Kvart kundeforhold gir ei stemme når noko anna ikkje følgjer av lova eller vedtektene.

Luster Sparebank sine kundar kan veljast som medlem eller varamedlem til sparebanken si generalforsamling som representant for kundane.

## § 3 - 5 Offentlege sitt val til av medlemmer til generalforsamlinga

Kommunestyret i Luster Kommune vel 3 medlemmer og 2 varamedlemmer til Generalforsamlinga.

## § 3 - 6 Tilsette sitt val av medlemmer til generalforsamlinga

Dei tilsette i Luster Sparebank har stemmerett ved val av dei tilsette sine medlemmer til sparebanken si generalforsamling.

Dei tilsette i Luster Sparebank kan veljast som medlem eller varamedlem til sparebanken si generalforsamling som representant for dei tilsette.

## § 3-7 Innkalling til generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år.

Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengeleg for medlemmene på sparebanken sine internettsider, gjeld ikkje lova sitt krav om at dokumenta skal sendast til medlemmene av generalforsamlinga. Dette gjeld også dokument som etter lova skal takast inn i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Eit medlem av generalforsamlinga kan likevel krevje å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

Medlemmer som ikkje kan delta i generalforsamlinga sine møte, skal informere sparebanken snarast og seinast fem dagar før møtet. Varamedlemmer vert kalla inn ved forfall frå ordinære medlemmer.

### § 3-8 Møte og vedtak i generalforsamlinga

Kvart medlem av generalforsamlinga har ei stemme.

Vedtak i generalforsamlinga vert fatta ved fleirtal av dei gjevne stemmene med mindre noko anna går fram av desse vedtektene. Står stemmetalet likt, gjeld det som møteleiaren sluttar seg til.

### § 3-9 Generalforsamlinga sine oppgåver

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast:

- Val av generalforsamlinga sin leiar for 2 år.
- Godkjenning av årsrekneskap, årsmelding og disponering av overskot.
- Val av leiar av styret.
- Val av medlemmer og varamedlemmer.
- Val av medlemmer og varamedlemmer til valnemnd.
- Val av revisor.
- Fastsetje godtgjersle til tillitsvalde og revisor.
- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

Vedtak om eller fullmakt til å ta opp ansvarleg lån eller annan framandkapital vert vedteke av generalforsamlinga med fleirtal som for vedtektsendring.

## Kap. 4. Styret og dagleg leiing

### § 4 - 1. Styret si samansetjing og oppgåver

Styret består av 5 medlemmer og 3 varamedlemmer som vert valde av generalforsamlinga.

Når dei tilsette kan krevje representasjon i styret etter lova, kjem denne representanten inn blant dei 5 styremedlemmene nemnd i avsnittet ovanfor. Denne representanten skal ha personleg varamedlem og begge representantane vert valde av og blant dei tilsette.

Styret sin leiar og nestleiar vert valde særskilt for 2 år.

Medlemmene og varamedlemmene til styret vert valde for 2 år.

Styret sine oppgåver følgjer av lov og forskrifter.

Det samla styret kan fungere som sparebanken sitt revisjonsutval.

### § 4-2 Dagleg leiar

Sparebanken skal ha dagleg leiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret.

Dagleg leiar sine oppgåver følgjer av lov og forskrifter.

## Kap. 5. Valkomité

### § 5-1 Valkomiteen si samansetjing

Generalforsamlinga vel ein valkomité med 4 medlemmer og 4 varamedlemmer.

### § 5-2 Valkomiteen sitt arbeid

Valkomiteen skal førebu fylgjande:

- Val av medlemmer og varamedlemmer til generalforsamlinga, valde av kundane.
- Val av medlemmer og varamedlemmer til styret, med unntak av eventuelt medlemmer og varamedlemmer valde av dei tilsette, valde av generalforsamlinga.
- Val av medlemmer og varamedlemmer til valnemd, valde av generalforsamlinga.
- Val av revisor.
- Forslag til godtgjersle til tillitsvalde.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks om valkomiteen.

## Kap. 6 Disponering av overskot og inndekning av underskot

### § 6-1 Disponering av overskot

Overskotet av Luster Sparebank si verksemd etter frådrag av utdeling av gåver skal leggjast til banken sitt fond.

Overskotsmidlar kan disponerast som utbyttemidlar.
Utbytte kan nyttast til utbytte på innskot grunnfond, gåver til ålmennyttige føremål eller eit fond for slike gåver eller til gåve til ei stifting med ålmennyttige føremål.

### § 6-2 Inndekning av underskot

Underskot etter resultatrekneskapen for siste rekneskapsår skal først søkjast dekka ved høveleg overføring frå grunnfondskapitalen, herunder gåvefondet. Underskot som ikkje vert dekka slik, skal dekkast ved overføring frå kompensasjonsfondet. Ytterlegare underskot vert dekka ved nedsetjing av annan kapital.

# Kap. 7. Vedtektsendringar

**§ 7-1 Vedtektsendringar**
Endring av desse vedtektene kan vedtakast av generalforsamlinga. Vedtak om å endre vedtektene i Luster Sparebank krev tilslutnad frå minst to tredeler av røystene.

# Kap. 8. Avvikling

**§ 8-1 Vedtak om avvikling av Luster Sparebank**
Generalforsamlinga tek stilling til styret sitt forslag om avvikling av Luster Sparebank. Vedtak om avvikling vert fatta med same fleirtal som for vedtektsendringar.

**§ 8-2 Disponering av sparebanken sin kapital ved avvikling**
Ved avvikling av Luster Sparebank skal Luster Sparebank sine overskytande midlar etter at alle forpliktingar er dekka, overførast til ei eller fleire sparebankstiftingar.

Desse vedtektene vart vedtekne av forstandarskapet/generalforsamlinga i Luster Sparebank 25. februar 2016. Vedtektene er utarbeidde etter standard-/normvedtekter og treng såleis ikkje godkjenning av Finanstilsynet. Tidlegare vedtekter sist godkjende 17. april 2013 fell bort.